

Barneteater i Hallen i dag

Tilbodet til ungane under Vossa-jazz er utvida i år. Amatørteatergruppa «Smugteateret» frå Bergen er på Voss, for å ha premiere på stykket «Prinsen og blomsten». Stykket handlar om ein prins frå ein annan klode enn vår, som er på reise i verdsrommet for å leita etter blomsten, som er venen hans. På reisa møter han forskjellige rare menneske, som er dei vaksne.

Stykket er henta frå ei forteljing av ein fransk forfattar, og bearbeidd av Eli Wenche Lund-Johansen. Musikken er ved Tellef Kvifte.

Stykket høver for born i frå ca 5 år, og for vaksne.